

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET  
Postboks 8010 DEP  
0030 OSLO

---

<b>Dato</b>	24.06.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/57197-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/1095
<b>Sakshandsamar</b>	Einar Atle Årdalsbakke
<b>E-post</b>	Einar.Atle.Ardalsbakke@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

## Høyringsvar - forslag til endringer i løyvekrev for drosje mv.

Vi viser til høyring vedr. forslag til endringer i løyvekrev for drosje mv.  
Vestland fylkeskommune sender vedlagt høyringsinnspel til høyringa.

Med helsing

**Einar Atle Årdalsbakke**  
seniorrådgjevar  
MOK - Stab og forvaltning

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Høyringsvar - forslag til endringer i løyvekrev for drosje mv
- 2 Saksprotokoll SAMO (1)
- 3 Saksprotokoll FUV (1)

---

**Saksnr:** 2022/57197-3  
**Saksbehandlar:** Einar Atle Årdalsbakke

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		15.06.2022
Fylkesutvalet		21.06.2022

## Høyringsssvar - forslag til endringer i løyvekrav for drosje mv

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til dei endringane som samferdsledepartementet har gjort greie for i høyringsnotatet

### Samandrag

Samferdselsdepartementet har i denne høyringa fremma forslag til endringar i drosjereguleringa/yrkestransportlova med nye krav til løyve mv. Hensikta med regelendringa er bl.a. å bidra til at ein meir seriøs drosjenæring, vidare bidra til å trygge kundane samt at ein drosjesjåfør skal kunne leve av yrket. Det er i høyringsnotatet og nemnt at regjeringa har utnevnt et offentlig utvalg som skal følge opp drosjereguleringa i retning Hurdalsplattforma. Utvalget skal foreta ein helhetlig gjennomgang av drosjereguleringa, og bidra med forslag til samlet regulering. Utvalget skal levere sin rapport 1 år etter oppstart av arbeidet.

Vi har gjeve innspel på regelendringane høyringa som etter vårt syn er positiv for drosjemarknaden.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Håkon Rasmussen**  
avdelingsdirektør  
Mobilitet og kollektivtransport (MOK)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Høyring – Forslag til endringar i løyvekrav for drosje mv.

Det følger av Hurdalsplattformen at det ville bli foreslått endringar for drosjebransjen. Dette høyringsforslaget er ein deloppfølging av punkta om drosje i Hurdalsplattformen. Endringane som er foreslått er skal bl.a. bidra til å trygge kundane samt at ein drosjesjåfør skal kunne leve av yrket, og vidare bidra til ein meir seriøs drosjenæring.

Samferdselsdepartementet har i brev av 11. mai 2022 sendt til høyring, høyringsnotat og forslag til endringer i lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45 (yrkestransportloven), forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 26. mars 2003 nr. 401 (yrkestransportforskriften) og forskrift om tekniske krav og godkjenning av kjøretøy, deler og utstyr av 4. oktober 2003 nr. 918 (kjøretøyforskriften).

Departementet foreslår i høyringa å stille krav om at den som driver drosjeverksemd skal ha tilstrekkeleg fagleg kompetanse og stille økonomisk garanti som bevis på tilfredsstillande økonomisk evne. I tillegg foreslår departementet at all drosje skal ha taklampe.

Departementet foreslår vidare at løyvehavar, før oppstart av drosjeverksemd, skal dokumentere ovanfor løyvemyndigheitene at drosjebilen er registrert i kjøretøyregisteret og at taksameter som tilfredsstiller krav i forskrift 1. oktober 2009 nr. 1226, som gjeld krav til at taksametre, er installert i kjøretøyet (taksameterforskriften).

Departementet foreslår og at fylkeskommunar som stiller miljøkrav til drosjebil innafor sitt distrikt, får heimel til å gje unntak frå dette kravet i særskilte tilfelle.

Det blir nemnt i høyringsnotatet at regjeringa har utnevnt eit offentleg utvalg som skal følge opp drosjereguleringa i retning Hurdalsplattforma. Utvalget skal foreta ein helhetlig gjennomgang av drosjereguleringa, og bidra med forslag til samlet regulering. Utvalget skal levere sin rapport 1 år etter oppstart av arbeidet.

Vestland fylkeskommune har nedanfor kommentert alle endringane som er omtalt i høyringsnotatet.

#### Vestland fylkeskommune sitt høyringsinnspel - Forslag til endringar i løyvekrav for drosje mv.

##### 1.1. Krav om fagkompetanse for løyvehavar

Vestland fylkeskommune er positive til at det vert innført krav om fagkompetanse til løyvehavar. Vi meiner det vil fremje seriøsitet i næringa. Dersom det er overlappende spørsmål på drosjesjåførkompetanseeksamen og løyvehavareksamen, bør ein av effektivitetsomsyn vurdere å gje ein forenkla løyvehavareksamen for dei som har drosjesjåførkompetanseeksamen.

Vidare er Vestland fylkeskommune positiv til ei betring av løyvehavars kompetanse, da det vil føre til at fylkeskommunen og andre styresmakter nyttar mindre ressursar på vegleiing av regelverket. Vestland fylkeskommune er positive til tilbakeverkande kraft på kompetansekravet. Det vil sikre at alle løyvehavarar som har kome til etter frisleppet vil få same kompetansefundamenet som resten av næringa.

##### 1.2. Krav om garanti.

Vestland fylkeskommune er positive til at det vert innført krav om å stille bankgaranti ved søknad om løyve. Dette vil bidra til at ein sikrar ein kontinuerleg kontroll av at løyvehavars økonomi er tilfredsstillande. Å gjeninnføre kravet til garanti vil føre til ein auka ressursbruk hos fylkeskommunen. For å minimere ressursbruken føreslår fylkeskommunen at ein innfører eit krav om digital garanti. Å innføre bankgaranti for drosje medfører meirarbeid

for fylkeskommunane. I tråd med det offentlege sin digitaliseringsstrategi og av effektivitetsomsyn, bør fylkeskommunen kunne krevje digitale garantidokument frå bank.

Fylkeskommunen meiner vidare at dei skisserte alternativa til garanti gjev dårleg måloppnåing da ein ikkje vil få eit kontinuerleg statusbilete av løyvehavars økonomi, og oppfølginga frå løyvestyresmakta vil skje lenge etter at løyvehavaren har fått økonomiske problem. Vidare har desse ordningane potensiale for å verte særskild ressurskrevjande for fylkeskommunen .

### 1.3. Dispensasjonsmoglegheit – fagkompetanse og loggføring.

Vestland fylkeskommune støttar forslaget om å kunne gje dispensasjon frå fagkompetanse og loggføring da det i særskilte tilfelle kan være føremålstenleg når ein tildeler løyve til verksemder som ikkje skal drive i den ordinære drosjemarknaden.

Vestland fylkeskommune meiner det er fornuftig at ein får heimel til å gje dispensasjon frå loggføringskravet da det er ein naturleg samanheng med dispensasjon frå kravet om taksameter som vil vere det aktuelle loggføringsverktøyet.

### 1.4. Auka gebyr for utferding av drosjeløyve.

Vestland fylkeskommune er positive til å auke gebyret for søknad om drosjeløyve og utferding av duplikatdokument. For å gjere det likt, bør departementet vurdere å auke gebyret til ruteløyve til same sum. Vestland fylkeskommune meiner også at vedtak om overføring av løyve frå eitt rettssubjekt til eit anna bør vere gebyrbelagt til same sats.

### 1.5. Krav om at alle drosjer skal ha taklampe

Vestland fylkeskommune støttar dette forslaget da det er viktig at drosje er synleg i bybiletet. For kundar er det viktig at ein enkelt kan identifisere drosje og om bilen er tilgjengeleg for tur. Spesielt for svaksynte er dette viktig.

### 1.6. Krav om at drosje skal registrerast i køyretøyregisteret

Vestland fylkeskommune er positive til at det kjem krav til dette i yrkestransportforskrifta da det gjev oss moglegheit til å sanksjonere ved brot.

### 1.7. Krav om dokumentasjon til løyvestyresmakta om registrert drosje i køyretøyregisteret og installert taksameter.

Vestland fylkeskommune er positive til at løyvehavar må dokumentere at køyretøyet er registrert som drosje i køyretøyregisteret, og at taksameter er installert i drosjen. Vi ser likevel ikkje verden av at dette skal rapporterast til løyvestyresmaktene, ettersom løyvestyresmakta ikkje skal ha nokon oppfølgingskontroll av om løyvehavar har sett drosjen i drift. Rutinen som er føreslått vil ikkje kunne fange opp dei løyvehavarane som får tildelt løyve og set drosjen i drift utan å tilfredsstille kravet om registrert køyretøy i køyretøyregisteret og installert taksameter. Forslaget vil heller ikkje føre til betre kontrollar på vegen, fordi vegvesenet allereie har denne informasjonen i autosys, og vil kunne kontrollere om drosjen er registrert riktig i det systemet. Vidare må ein løyvehavar som køyrer utan taksameter ha vedtak om dispensasjon med seg i køyretøyet, slik at dette også enkelt kan kontrollerast på vegen etter dagens rutine.

Vestland fylkeskommune er av den oppfatninga at dersom ei sånn dokumentasjonsplikt skal få ei god måloppnåing bør det knytast til sjølv tildelinga av løyvet. Vi foreslår at løyvehavar ikkje får tildelt fysisk løyvedokument før køyretøyet er registrert i køyretøyregisteret og har installert taksameter. At løyvehavar har fått løyve kan dokumenterast med vedtaksbrev, eventuelt digital løysing i løyveregisteret. Sjølv om det ikkje er driveplikt på dagens løyve ser ikkje vi ingen gode argument for at selskap skal ta ut løyve for "å legge dei i ei skuff". Dei kan søke løyve når dei har intensjon om å sette eit køyretøy i drift, få løyve i løpet av kort tid, og få ein monaleg frist for å setje køyretøy på løyvet. Vestland fylkeskommune er av den oppfatninga at dette ikkje strider med

fjerning av driveplikta, da det ikkje er noko krav eller oppfølging om køyretøyet faktisk er i drift, og løyvehavar står heilt fritt til å sjølv bestemme omfanget av drifta på drosjen.

Vestland meiner også at ein må ha ei rutine som fangar opp dei tilfella der løyvehavar byter bil, eller monterer ut taksameter utan å registrere ny bil. For å sikre god oppfølging bør ein vurdere å digitalisere løyvedokumentet. Det vil kunne gje eit levande dokument der oppdatert informasjon om gyldigheit, dispensasjonar, reg.nr. og taksameter kjem fram direkte i dokumentet.

### 1.7. Dispensasjon frå miljøkrav.

Vestland fylkeskommune er positive til denne endringa. I politisk handsaming ved innføring av miljøkrav til drosjenæringa har denne dispensasjonsheimelen vore etterspurt da ein ønskjer å innføre miljøkrav, men ser behovet for at ein må gjere unntak i enkelte tilfelle.

Det er på det reine at da ein ved endringa av yrkestransportregelverket gjorde både selskapsvognløyve og handikapløyve til drosjeløyve, ikkje meinte at desse også skulle omfattast av eventuelle miljøkrav til drosjenæringa. Det er klart at det må vere rom i regelverket for å stille miljøkrav, men likevel gjere unntak til enkelte nisjar der det ikkje finnes køyretøy som kan oppfylle miljøkrava. For eksempel eldre limousinar og veterankøyretøy. Vidare ser ein at dagens nullutsleppsteknologi heilt klart er god nok til å gjennomføre ordinær drosjekøyting, men at ein har eit avgrensa utval av køyretøy med god rekkevidde som er tilpass rullestoltransport. Dette tilbodet kan betre seg i løpet av overgangsperioden på fire år, men enkelte løyvehavarar må gjere investeringar tidleg i overgangsperioden. For desse tilfella er det heilt klart føremålstenleg å kunne gje enkelte unntak frå kravet, og på den sikre eit kontinuerleg godt tilbod til menneske med nedsett funksjonsevne.

### 1.8. Iverksetjing og overgangsperiode.

Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at § 48 b om unntaksheimel for miljøkrav trer i kraft med det same forskrifta vert fastsett. I Vestland er det fastsett miljøkrav frå 1.4.2024 og 1.4.2026. Fleire løyvehavarar med eldre rullestolbilar vegrar seg for å investere i nytt driftsmateriell på grunn av den teknologiske usikkerheita. For å ivareta menneske med nedsett funksjonsevne er det difor naudsynt at denne heimelen trer i kraft med det same.

Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at endring om løyvegaranti, taklykt og dokumentasjonskrav trer i kraft 1. oktober 2022, med ei overgangstid på eitt år for å oppfylle krava. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at endring om fagkompetanse trer i kraft når kongen bestemmer, og at det er fornuftig med ei monaleg overgangstid da det er mange løyvehavarar som ikkje vil tilfredsstille kravet.

Her avsluttar vi vårt innspel. Vidare følger eit utkast til regelendringane slik dei vil sjå ut i Yrkestransportforskriften.

## **Forslag til lov om endringer i yrkestransportloven**

I lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy gjøres følgende endringer:

I

**§ 5 annet ledd skal lyde:** (2) Som motorvogn etter *første ledd* reknast varebil, lastebil, kombinert bil og trekkbil tillaten brukt på offentlig veg.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-03-21-45?q=yrkestransport-shareModal>

**§ 9 første ledd andre setning skal lyde:**

§4 andre ledd bokstav a til d gjeld tilsvarende.

II

Endringa i § 5 trer i kraft straks.

Endringa i § 9 gjeld frå den tid Kongen fastset.

Departementet kan i forskrift gje reglar om når kravet om fagkompetanse i § 9 (1), jf. § 4 andre ledd bokstav d, tek til å gjelde for den som har fått drosjeløyve i perioden mellom 1. november 2020 og datoen når endringa i § 9 vert satt i verk.

### Forslag til forskrift om endringer i yrkestransportforskriften

I forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport med motorvogn og fartøy gjøres følgende endringer:

#### § 4 andre ledd siste setning oppheves.

#### § 7 første ledd skal lyde:

Søker må ved søknad om ett løyve fremlegge en garantierklæring fra bank eller forsikringsselskap på en kroneverdi tilsvarende 9000 euro. For løyver ut over dette gjelder en kroneverdi tilsvarende 5000 euro for hvert løyve. Euroens verdi i kroner fastsettes i henhold til forordning (EF) 1071/2009 art. 7 nr. 1 for alle løyvetypene. Departementet fastsetter nærmere retningslinjer for innlevering av garantierklæring.

#### § 7 fjerde ledd oppheves.

#### § 8 skal lyde:

##### § 8. Krav til faglig kompetanse

For den som har eller søker om løyve for godstransport og turvogn følger de nærmere kravene til faglig kompetanse og dokumentasjon av slik kompetanse av forordning (EF) nr. 1071/2009 art. 8 og 21. Kravet om faglig kompetanse anses å være oppfylt dersom søkeren enten kan fremlegge vitnemål for bestått eksamen, innehar løyve for den løyvetype det søkes om, eller har ledet et transportforetak sammenhengende i perioden på 10 år før 4. desember 2009.

For den som har eller søker om drosjeløyve gjelder følgende krav til faglig kompetanse:

- Arbeidslivsparter og avtaleverk
- Arbeidsmiljøloven og ferieloven
- Foretaksformer
- Ledelse og administrasjon av drosjevirksomhet
- Service og kundebehandling
- Markedsføring og formidling av drosjetjenester
- Yrkesetikk
- Opplæring av ansatte
- Moderne teknologi som hjelpemiddel
- Internkontroll
- Kjøre- og hviletidsbestemmelser
- Yrkestransportloven
- Vegtrafikkloven
- Kvalitetssikring
- Inntekter og kostnader
- Regnskap
- Investeringer
- Finansiering
- Budsjettering og kalkulering
- Skatter og avgifter
- Oppstart av virksomhet

Statens vegvesen fastsetter det nærmere innholdet i kravene til fagkompetanse for drosjeløyve.

*Kravet til faglig kompetanse for drosjeløyve anses å være oppfylt dersom den som har eller søker om drosjeløyve kan fremlegge vitnemål for bestått eksamen hos Statens vegvesen eller oppfyller kravene i første ledd. Statens vegvesen kan godkjenne vitnemål eller kompetansebevis utstedt av offentlig myndighet i annen EØS-stat eller Sveits som bevis på tilsvarende kompetanse. Kravet til faglig kompetanse anses også å være oppfylt dersom vedkommende har hatt drosjeløyve etter yrkestransportloven § 9 før 1. november 2020.*

For fører av drosje kan departementet fastsette nærmere krav til faglig kompetanse. Kravet til faglig kompetanse anses å være oppfylt dersom vedkommende kan framlegge vitnemål for bestått eksamen eller gyldig bevis for yrkessjåførkompetanse for persontransport hos Statens vegvesen. Statens vegvesen kan også godkjenne yrkeskvalifikasjoner for drosjesjåfører fra annen EØS-stat eller Sveits, jf. yrkeskvalifikasjonsloven og for skrift 22. desember 2017 nr. 2384 om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner.

Departementet kan fastsette nærmere retningslinjer om godkjenning av løyveutdanning for søkere som har fullført utdanning eller har påbegynt utdanning før 1. januar 2018.

### **§ 9 første setning skal lyde:**

Den som søker om løyve for gods- og turvogntransport, samt drosjeløyve, skal avlegge løyveeksamen hos Statens vegvesen.

### **§ 10 andre ledd skal lyde:**

Er den som har eller søker om løyve for drosje et selskap eller annen juridisk person må den til enhver tid daglige leder eller transportleder oppfylle kravene til god vandel og *faglige kvalifikasjoner i § 4, jf. §§ 6 - 8.* I tillegg må foretaket som sådan

oppfylle kravet til god vandel. Hvis søkeren er et nyopprettet selskap, må også den daglige leder fylle kravet til økonomi i § 7 tredje ledd.

### **§ 12 sjette ledd skal lyde:**

For behandling av søknad om drosjeløyve skal søkeren betale 3700 kroner til den løyvemyndighet som utsteder dokumentet. Det samme gjelder for utstedelse av duplikatdokument.

## **Vedtakskompetanse**

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse på høringsuttale i saka jf. reglement for fylkesutvalet pkt. 7.

## **Vurderingar og verknader**

### **Økonomi:**

Ingen kjent konsekvens.

### **Klima:**

Ukjent om regelendringa vi medføre innverknad på klima.

**Folkehelse:**

Høyringsforslaget medfører ikkje endringar for Folkehelse.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Høyringsforslaget kan bidra til å utvikle gode tenester for transport av rullestolbrukarar.

**Konklusjon**

Samferdselsdepartementet har i denne høyringa fremma forslag til endringar i drosjereguleringa/yrkestransportlova med nye krav til løyve mv. Hensikta med regelendringa er bl.a. å bidra til at ein meir seriøs drosjenæring, vidare bidra til å trygge kundane samt at ein drosjesjåfør skal kunne leve av yrket.

Det er i høyringsnotatet og nemnt at regjeringen har utnevnt et offentlig utvalg som skal følge opp drosjereguleringa i retning Hurdalsplattforma. Utvalget skal foreta ein helhetlig gjennomgang av drosjereguleringa, og bidra med forslag til samlet regulering. Utvalget skal levere sin rapport 1 år etter oppstart av arbeidet.

Vi har gjeve innspel på regelendringane høyringa som etter vårt syn er positiv for drosjemarknaden.



## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 17.06.2022

### **Avrøysting**

Det var 16 representantar til stades.  
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet sluttar seg til dei endringane som samferdsledepartementet har gjort greie for i høyringsnotatet.

## Saksprotokoll i Hovudutval for samferdsel og mobilitet - 15.06.2022

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg til dei endringane som samferdsledepartementet har gjort greie for i høyringsnotatet